




HAREID KOMMUNE



BARNETRAKKREGISTRERING

HAUSTEN 2021



Sektor for samfunnsutvikling.
Utarbeidd av Cecilie Breiteig
og Nora Maria Rognstad

INNHALDSFORTEGNELSE

| | | | | | |
|----------------------------|----|-------|-----------------------------|----|-------|
| INNLEIING | S. | 3 | HAREID UNGDOMSSKULE | S. | 18 |
| BAKGRUNN OG FORMÅL | S. | 4 | KART HAREID UNGDOMSSKULE | S. | 19-21 |
| KUNNSKAPSGRUNNLAG | S. | 5 | ANALYSE HAREID UNGDOMSSKULE | S. | 22 |
| VALIDITET OG RELIABILITET | S. | 6 | HJØRUNGAVÅG SKULE | S. | 23 |
| FØREBUING OG GJENNOMFØRING | S. | 7 | KART HJØRUNGAVÅG SKULE | S. | 24-25 |
| BIGSET SKULE | S. | 8 | ANALYSE HJØRUNGAVÅG SKULE | S. | 26 |
| KART BIGSET SKULE | S. | 9-11 | BRANDAL FRISKULE | S. | 27 |
| ANALYSE BIGSET SKULE | S. | 12 | KART BRANDAL FRISKULE | S. | 28 |
| HAREID SKULE | S. | 13 | ANALYSE BRANDAL FRISKULE | S. | 29 |
| KART HAREID SKULE | S. | 14-16 | KONKLUSJON | S. | 30 |
| ANALYSE HAREID SKULE | S. | 17 | | | |



INNLEIING

Barnetrakksregistrering er tilgjengelig på www.barnetrakk.no, og er utvikla av Norsk design- og arkitektursenter (DOGA) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Registreringane foregår gjennom karttjenesten kartskolen.no, der elevane er logga inn med sin FEIDE (Felles Elektronisk IDEntitet) -bruker for registrering

Hareid kommune har fleire planprosesser gåande, blant anna arbeid med ny kommuneplan og trafikktryggingsplan. Som en del av arbeidet har kommunen ønska å gjennomføre ei kartlegging av barn- og unges opplevelse og bruk av nærmiljøet. I september og oktober 2021 vart det gjennomført barnetrakkregistrering, der 6. og 9. trinn ved alle skulekrinsane i Hareid deltok. Utvalg av skuletrinn vart gjort etter anbefalingar frå utviklarane av barnetrakk.

Registreringane har danna grunnlag for denne rapporten, som samla sett gir verdifull kunnskap som vil verte brukt i vidare planarbeid.

Barnetrakk er eit digitalt verktøy, som gir barn og unge moglegheit til å fortelje planmynde om sine aktivitetar, kva som er positivt og negativt ved nærmiljøet, skuleveg, og korleis dette bør vere i framtida. Barnetrakkregistreringa gir med dette barn og unge ei stemme innanfor lokaldemokratiet, og bidreg til at deira interesser og synspunkt vert vurdert innanfor kommunal forvaltning. Medverknaden i planarbeidet er heilt konkret, og går ut på at barna sett klistrelappar i kartet.

Barnetrakkregistreringa er gjennomført av Cecilie Breiteig (arealplanleggar) og Nora Maria Rognstad (rådgjevar) frå sektor for samfunnsutvikling.

Registreringa vart gjennomført med godt samarbeid med skulane, og vi vil takke elevar og lærarar som har delteke for godt og lærerrikt samarbeid.



LIKER

ØNSKER



MØRKT



TRAFIKK



SPORT



MØTEPlass



VINTER
AKTIVITETAR



BAKGRUNN OG FORMÅL

Rettleiaren *Barn og unge i plan og byggesak - Hvordan sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge gjennom planlegging og byggesaksbehandling* av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet gir gode skildringar av verdien med inkludering av barn og unge. Det er også fleire konvensjonar, lover og retningslinjer som pålegg samfunnet å tilrettelegge for barn og unge, eksempelvis:

- § FNs barnekonvensjon
- § Norges grunnlov
- § Plan- og bygningsloven
- § Kommuneleien
- § Forvaltningsloven
- § Folkehelseloven

Barn og unge har lovfesta rett til samfunnsdeltaking gjennom Plan- og bygningslovens § 5-1:

Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krever spesiell tilrettelegging, berunder barn og unge

Ein metode for å sikre barn og unges medverknad på er å gjennomføre barnetrakk. Gjennom kartlegging av barn og unges arealbruk får beslutningstakarar betre kunnskap om opphaldsstad, skuleveg og korleis dei fysiske og sosiale nærmiljøa fungerer. Formålet med barnetrakk er å styrke dei unges røyst i samfunnsutviklinga. Registreringa er viktig kunnskapsgrunnlag for pågåande arbeid med kommuneplanens arealdel, samt trafikktryggingsarbeid.

Registreringane viser eit tydeleg samtidsbilete på kva elevane interesserar seg for. Det er også ein god indikator på utfordringsbildet, moglegheiter og ønsker. Det er derfor viktig å gjere jamne barnetrakkregistreringar for å heile tida ha oppdatert kunnskap og informasjon.

KUNNSKAPSGRUNNLAG

...til trafikktryggingplan

Eit av hovudmåla med trafikktryggingplanen er å gi alle barn og unge i kommunen ein trafkksikker oppvekst. Det skal også legges til rette for fysisk fostring, rekreasjon og folkehelse ved trygg tilkomst til turområde, badestrand og viktige sentrumsfunksjonar m.m. Sikre skuleveggar, farlege kryssingspunkt og fartsreduserande tiltak må på plass for å nå overnemde hovudmål.

Barnetrakk er nytta for å få meir kunnskap om barn og unge si oppleving av tryggleik langs vegar dei ferdast.

Hensikta er å overføre resultatet frå registreringa til kva Hareid kommune skal prioritere av tryggingstiltak dei kommande 4 åra.

... i framtidig planarbeid

Medverknad av barn og unge er ein viktig målsetjing i all kommunal planlegging. Å få kunnskap om møteplassar, leikeplassar, opphaldsstadar og annan viktig kunnskap direkte frå dei unge.

Barnetrakkregistreringane vert teke med i det vidare arbeidet med å planlegge for korleis Hareid kommune skal sjå ut i framtida. Kunnskapsgrunnlaget frå registreringa vil i hovudsak verte nytta til overordna planlegging, som kommuneplanens arealdel. Vidare vil det i særskilte høve verte nytta i reguleringsplanarbeid.

Registreringane og møte med elevane har også vore positivt for planleggar. Det har medført auka lokal kunnskap knytt til barn og unges bevegelsesmønster, aktivitet og ønsker.

VALIDITET OG RELIABILITET

3.2.1 Anonymitet

Planleggar og lærar får tilgong til å sjå klassa si samlede registrering, men kan ikkje spore registreringane tilbake til deltakarane. Elevane har likevel gjort nokre registreringar som kan spores, ved å markere huset sitt eller vennen sitt hus. For å sikre anonymitet er registreringane handsama og filtrert for informasjon som kan tilbakeførast til den einskilde elev.

I forkant av registreringa vart det sendt ut samtykkeerklæringsskjema til foreldre/føresette, med informasjon om barnetrakk, anonymitet og annan relevant informasjon. Ved signert samtykkeerklæring logga eleven seg inn via FEIDE og fekk registrert sine innspel digitalt. Elevar som ikkje leverte signert samtykkeerklæring nytta demo-versjonen på nettstaden barnetrakk.no. Demo-versjonen lagrar ikkje data, og disse registreringane er dermed ikkje grunnlag for analysen.

Ved Brandal friskule vart det ikkje sendt ut samtykkeerklæring då registreringa ikkje vart gjennomført digitalt og at det ikkje vart lagra personvernopplysningar.

3.2.2 Validitet og reliabilitet

Registreringane vart gjort på alle skulene ved 6. og 9. trinn. Om lag 87 elevar har deltatt. Kor representativ registreringane er vil difor variere noko, ut frå med anna elevanes bustad og fritidsinteresser. Nedanfor er det lista opp moglege feilkilder:

Manglande samtykkeskjema

- Ved ungdomsskulen var det berre 1/3 av elevane som returnerte signert samtykkeskjema. Elevane som mangla signatur måtte bruke demoversjonen som vi ikkje fikk lagra. Dette har bidratt til stor ulempe og svakheit ved registreringa frå dette trinnet.

Navigering i kart

- Anonyme registreringar gjer at ein ikkje kan spore registreringane. Dette kan vere utfordrande da ein ikkje får konkrete tilbakemeldingar der det trengs, samt at det vanskliggjer retting av feilplasserte markørar.
- Det er heller ikkje sikkert at elevane registrerte riktig stad i kartet, grunna utfordringar med orientering i digitalt kart.

Påverknad fra diskusjon i klasserom/ frå sidemannen

- Nokre punkter vart særskilt tatt opp i plenum, eller der elevane har snakke med kvarandre. Dette kan ha medført fleire registreringar knytt til einskilde punkt som er markert. Dette er teke omsyn til i analysen.

FØREBUING OG GJENNOMFØRING

Det er fokusert på utvalde tema/klistrelappar. I klasseromma vart det stilt konkrete spørsmål til kvart tema, der elevane fekk ei avgrensa tid til å registrere i kart. Først vart spørsmålet presentert i plemun, og medan elevane registrerte gjekk både vi og lærarar rundt i klasserommet og bidro til dialog og idemyldring.

Denne organiseringa gjorde datamengden meir strukturert og enklare å analysere. Vi såg tidlig at elevane heile tida måtte engasjerast for å få saklege registreringar, derfor var gjennomgang av spørsmåla viktig.

I Brandal vart kvart tema gjennomgått på same måte som ved digital registrering, men der planleggar skreiv ned barnas innspel på post-it-lappar og limte på det printa kartet.



LIKER



ØNSKER



MØRKT



TRAFIKK



SPORT



MØTEPLASS



VINTER
AKTIVITETAR

I den kommande analysen er det laga ei oppsummering frå kvar skule, der det er henta ut kart med klistrelapper. Hovudpunkta frå barnetrakket er skjematisk satt opp etter karta. Avslutningvis vert registreringane knytta opp mot det vidare arbeidet med trafikktryggingssplanen og framtidig planarbeid.

BARNETRÅKK


| Skule | Klassetrinn | Antall elevar |
|---------------------|-------------|---------------|
| Hareid Ungdomsskule | 9. trinn | 30 |
| Hareid skule | 6.trinn | 31 |
| Hjørungavåg skule | 6.trinn | 10 |
| Bigset skule | 6. trinn | 10 |
| Brandal friskule* | 6. trinn | 6 |

*Ved Brandal friskule var alle deltakande elevar samla, der registreringane vart gjort på same papirkartet.

BIGSET SKULE



Bigset



Snipsøyrdalen

61

Kaldhol

+

Øvra

Hjørung

Melshornet

Holsekredalen

Mørk

Søyrvatnet



Liavåg

Røyset

5886

Hjørungdalen

Fjelle

Ulset

Kvamen

| POSITIVE | | NEGATIVE | | AKTIVITETER | |
|----------|------------|----------|-----------|-------------|------------|
| | | | | | |
| Liker | Fin stied | Motilker | Mærkt | Ballsport | Ski |
| | | | | | |
| Fin park | Fin hus | Uttrygg | Sint hund | Sykling | Skateboard |
| | | | | | |
| Fin skog | Fin utsikt | Støy | Sappel | Møteplass | Svømming |
| | | | | | |
| | | Trafikk | Vil endre | Lekeplass | Shopping |
| | | | | | |
| | | | | Aking | Skytter |

10

Geilane



BIGSET SKULE



LIKER

- ❖ Leikeplass ved bustadfelt Bigset vest



ØNSKER

- ❖ Butikk
- ❖ Ulike aktivitetar
 - t.d. meir leikeapparat/aktivitetar ved skuleområdet
 - Fleire gode leikeplassar i bustadfelta
 - Aktivitetar som er nemd: trampolinepark, zip-line, ballbinge, sykkelpark, fleire butikkar/bakeri, klatrepark, volleyballbane



MØRKT

- ❖ Snipsøyrvegen
- ❖ Geilane bustadfelt (er gatelys, men fungerer sjeldent)



TRAFIKK

- ❖ Snipsøyrvegen
- ❖ Geilebakken: biler parkerer på fortau. Mjuke trafikantar må ferdes på bilvegen.
- ❖ Overgangsfelt ved Rise
- ❖ Heile Hareidsvegen oppleves som utrygg med for mjuke trafikantar: fleire farlege kryssingar over fylkesveg og mange private utkøyrslar på veg og gong-/sykkelveg.
- ❖ Utrygge kryssningspunkt ved busstopp (uklart kva for busstopp, men registreringa er gjort i nærleiken av Bigset barneskule).



SPORT

- ❖ Skuleområdet
- ❖ Orientering mot aktivitetar og møteplassar i Hareid sentrum.



MØTEPLASS

- ❖ Leikeplass på Bigset vest
- ❖ Skuleområdet



VINTER AKTIVITETAR


- ❖ Skøyter på Grimstadvatnet
- ❖ Aking aust for skulen, aust for Bernvegen
- ❖ Orientering mot aktivitetar og møteplassar i Hareid sentrum.

HAREID SKULE




Hareid sentrum

| POSITIVE | | NEGATIVE | | AKTIVITETER | |
|-------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|
|  |  |  |  |  |  |
| Liker | Fin sted | Misliker | Mark | Ballspill | Ski |
|  |  |  |  |  |  |
| Fin park | Fin hus | Skumle folk | Sint hund | Sykling | Skateboard |
|  |  |  |  |  |  |
| Fin skog | Fin utsikt | Støy | Sjøppel | Mateplass | Swimming |
| | |  |  |  |  |
| | | Trafikk | Vil endre | Lekeplass | Shopping |
| | | | |  |  |
| | | | | Aking | Skytter |



Skuleområde





| POSITIVE | | NEGATIVE | | AKTIVITETER | |
|----------|------------|-------------|-----------|-------------|------------|
| | | | | | |
| Liker | Fint sted | Misliker | Mørkt | Ballspill | Ski |
| | | | | | |
| Fin park | Fint hus | Skumle folk | Sint hund | Sykling | Skateboard |
| | | | | | |
| Fin skog | Fin utsikt | Støy | Sjøppel | Mateplass | Svømming |
| | | | | | |
| | | Trakk | Vil endre | Lekeplass | Shopping |
| | | | | | |
| | | | | Aking | Skøyter |

HAREID SKULE



LIKER

- ❖ Raudesanden
- ❖ Håbakknotten
- ❖ Fotballhallen



ØNSKER

- ❖ Betre leikeplass på Reina
- ❖ Skate- og sykkelpark
- ❖ Turnhall
- ❖ Fleire ønsker i parken bak banken: sykkelbane, spelehall, skatepark.
- ❖ Møteplass
- ❖ Stupebrett
- ❖ Ballspel
- ❖ Trampolinepark
- ❖ Ny fotballbane
- ❖ Kiosk på Overåsanden



MØRKT

- ❖ Pålhaugen
- ❖ Gamle Brandalsveg
- ❖ Solsteinen
- ❖ Torkelvegen
- ❖ Undergangen ved skulen
- ❖ Gjerdevegen



TRAFIKK

- ❖ Mangler gangfelt over Hareidsvegen ned til Raudesanden.
- ❖ Mangler gangfelt ved Reiten
- ❖ Mykje trafikkregistreringar og utryggmarkeringar i området ved Reiten
- ❖ Mykje trafikkregistreringar og utryggmarkeringar ved innkøyringa/parkeringa til skulen
- ❖ Ønske om trafikkllys ved rundkøyringa ved fergekaia.
- ❖ Mykje trafikkregistreringar og utryggmarkeringar rundt boligfeltet på Ytre Hareid. Hjellebakken-Teigeråsa - Solsteinen - Reina
- ❖ Gangfelt til Bunnpris er for langt bort
- ❖ Mykje trafikkregistreringar og utryggmarkeringar på Hjørungavågvegen. Ønsker også gongfelt.
- ❖ Mykje trafikkregistreringar og utryggmarkeringar ved Overåsanden: Mykje trafikk, høg fart og farleg krysning.
- ❖ Ønske om gang- og sykkelveg ut mot Overåsanden.



SPORT

- ❖ Sykling i Torkelveien
- ❖ Ballspel i parken ved Rådhuset
- ❖ Idrett Hareidsmyrane



MØTEPLASS

- ❖ Raudesanden
- ❖ Hareid skule
- ❖ Taket på coop
- ❖ Leikeplassen i Kjøpsmannsgata
- ❖ Terminalen
- ❖ Fergekaia



VINTER- AKTIVITETAR


- ❖ Nord for bustadfeltet på Geilane
- ❖ Aking og ski ved Brekkane (nær skuleområdet)
- ❖ Aking på sti mellom Oreteigen og Bukkerysta
- ❖ Skøyter på Grimstadvatnet
- ❖ Aking på leikeplassen på Reina

HAREID UNGDOMSSKULE




Hareid sentrum

| POSITIVE | NEGATIVE | AKTIVITETER |
|------------|-------------|-------------|
| Liker | Misliker | Ballspill |
| Fint sted | Markert | Ski |
| Fin park | Skumle folk | Sykling |
| Fint hus | Sint hund | Skateboard |
| Fin skog | Støy | Mateplass |
| Fin utsikt | Sjøppel | Svømming |
| | Trafikk | Lekeplass |
| | Vil endre | Shopping |
| | | Aking |
| | | Skøyter |




Hjørungavåg



| POSITIVE | NEGATIVE | AKTIVITETER |
|------------|-------------|-------------|
| Liker | Misliker | Ballspill |
| Fint sted | Mørkt | Ski |
| Fin park | Skumle folk | Sykling |
| Fin skog | Sint hund | Skateboard |
| Fin utsikt | Støy | Svømming |
| | Sjøppel | Mateplass |
| | Trafikk | Vii endre |
| | | Lekeplass |
| | | Shopping |
| | | Aking |
| | | Skøyter |

20



Brandal

Saudebøen

Ardalshaugen

Brandal

Knutnakken

Risegarden

Skarbakken

Plassen

Indredalen

Storelva

5888 Brandalsvegen

Gjerdet

Bakkane

Leitet

Legene

Indredalselva

Skarebakkknakken

Skarbakk-

Litleneset

nakken

Indredalen

Uravika

Tverrmalet

| POSITIVE | | NEGATIVE | | AKTIVITETER | |
|----------|------------|-------------|-----------|-------------|------------|
| | | | | | |
| Liker | Fin sted | Misliker | Møkt | Ballspill | Ski |
| | | | | | |
| Fin park | Fin hus | Skumle folk | Sint hund | Sykling | Skateboard |
| | | | | | |
| Fin skog | Fin utsikt | Støy | Søppel | Mateplass | Swimming |
| | | | | | |
| | | Trafikk | Vil endre | Lekeplass | Shopping |
| | | | | | |
| | | | | Aking | Skøyter |

HAREID

UNGDOMSSKULE



LIKER

- ❖ Basketballbana på Hareid barneskule
- ❖ Leikeplassen i Kjøpmannsgata
- ❖ Coop-bygget
- ❖ Helsehuset



ØNSKER

- ❖ Betre basketballbane
- ❖ Bru over Hareidsvegen ved Jetz
- ❖ Ny ungdomsskule
- ❖ Fleire aktivitetar ved Overåsanden
- ❖ Møteplass
- ❖ Meir aktivitet i Kjøpmannsgata
- ❖ Betre bussforbindelse til Hjørungavåg
- ❖ Mix kiosken. Dette var ein viktig møteplass før.
- ❖ Lengre opningstider på biblioteket
- ❖ Butikk i Brandal



MØRKT

- ❖ Isakdalen til ungdomsskulen (forbi fotballbana)
- ❖ For langt mellom gatelysa ved Plassane
- ❖ Leikeplass ved Bautevegen
- ❖ Hjørungavåg barneskule
- ❖ Stien ned til Overåsanden
- ❖ Gjerdevegen
- ❖ Raudesanden
- ❖ Bruageila
- ❖ Kvernabakken
- ❖ Ulsetvegen
- ❖ Bautevegen
- ❖ Torsenvegen
- ❖ Gåsneset



TRAFIKK

- ❖ Farleg kryssingar på fylkesvegen: til Røysetvegen, Raudesanden, Jetz, Holstad
- ❖ Mykje trafikk ved Brekkane
- ❖ Overåsanden. Farleg krysning, høg fart, mykje trafikk og behov for gangfelt/undergang
- ❖ Hjørungavågvegen: Støy, trafikk og høg fart.
- ❖ Strandgata: Farleg krysning over fylkesveg til Bunnpris.
- ❖ Ytre Hareid (Torkelvegen og Solsteinen): høg fart
- ❖ Bautevegen: høg fart
- ❖ Gåsneset: høg fart og tungtransport



SPORT

- ❖ Jomsvoll
- ❖ Hareidsmyrane



MØTEPLASS

- ❖ Coop-taket
- ❖ Circle K
- ❖ Overåsanden
- ❖ Leikeplass ved Bautevegen
- ❖ Hjørungavåg barneskule
- ❖ Terminalen




VINTER AKTIVITETAR

- ❖ Skøyter på Grimstadvatnet, Snipsøyrvatnet og Hjørungdalsvatnet
- ❖ Aking ved Pilskog

HJØRUNGAVÅG SKULE




Hjørungavåg



| POSITIVE | | NEGATIVE | | AKTIVITETER | |
|----------|------------|-------------|-----------|-------------|------------|
| Liker | Fint sted | Misliker | Mørkt | Ballspill | Ski |
| Fin park | Fint hus | Skumle folk | Sint hund | Sykling | Skateboard |
| Fin skog | Fin utsikt | Støy | Søppel | Mateplass | Svømming |
| | | Trafikk | Vil endre | Lekeplass | Shopping |
| | | | | Åking | Skøyter |

Hjørungavåg barneskule og stadion



| POSITIVE | | NEGATIVE | | AKTIVITETER | |
|----------|------------|----------|-------------|-------------|------------|
| | Liker | | Misliker | | Ballspill |
| | Fin sted | | Mørkt | | Ski |
| | Fin park | | Skumle folk | | Sykling |
| | Fin hus | | Sint hund | | Skateboard |
| | Fin skog | | Støy | | Mateplass |
| | Fin utsikt | | Søppel | | Swimming |
| | | | Trafikk | | Lekeplass |
| | | | Villette | | Shopping |

HJØRUNGAVÅG SKULE



LIKER

- ❖ Leikeklass Pilskog/Overå



MØRKT

- ❖ Overåsanden
- ❖ Liavågvegen
- ❖ Vågsvegen
- ❖ Bautevegen (skuleveg!).
- ❖ Korshamna
- ❖ Leikeplassen Pilskog/Overå
- ❖ Skuleområdet



SPORT

- ❖ Fiske ved småbåthamna
- ❖ Fiske ved klubben
- ❖ Fiske i Hjørungdalsvatnet
- ❖ Leikeplassar i bustadfelt
- ❖ Skuleområdet



ØNSKER

- ❖ Vasstrampoline ved Overåsanden
- ❖ Snowboard-/skatepark
- ❖ Sykkelbane
- ❖ Svømmehall



TRAFIKK

- ❖ Bør endre plassering av overgangsfelt ved Strandgata (kryssing til Bunnpris)
- ❖ Vågsvegen og Hamnavegen. Mykje trafikk, tungtransport, høg fart.
- ❖ Kryssing ved Overåsanden
- ❖ Kryssing Vågsvegen/Hjørungavågvegen
- ❖ Krysset mellom Bautevegen og skuleområdet. Tilbakemelding på at barna ikkje veit kven som har rett til å gå/sykle/køyre først.



MØTEPLASS

- ❖ Leikeplassen Pilskog/Overå
- ❖ Leikeplass ved skulen



VINTER AKTIVITETAR

- ❖ Akebakke vest for skuleområdet
- ❖ Skøyte Hjørungdalsvatnet

BRANDAL FRISKULE



BRANDAL FRISKULE



LIKER

- ❖ “Bana” (ei slette/graskledd mark) nord for skuleområdet og bustadfeltet.
- ❖ Strandområdet innanfor hamna i Brandal, rekreasjon og bading
- ❖ Akebakke
- ❖ Skuleområdet



ØNSKER

- ❖ Bibliotek
- ❖ Sjøppelkasser
- ❖ Sitteplassar (gjerne med tak) (på “Bana”)



MØRKT

- ❖ Mellom Hareid og Brandal
- ❖ Ut mot Kvitneset
- ❖ “Bana”
- ❖ Bustadområde/LNFR2-område Indredalen
- ❖ Pe-vegen
- ❖ Undergang ved skulen på Hareid



TRAFIKK

- ❖ Dårlig asfalt, hull i vegen Gamle Brandalsveg og fortau.
- ❖ Overgangsfelt ned til stranda i Brandal
- ❖ Vart også registrering nokre tilfeller av dårleg sikt grunna vegetasjon
- ❖ Gangfelt ved helsehuset



SPORT

- ❖ “Bana”
- ❖ Det meste av orgianisert aktivitet er i Hareid krins



MØTEPLASS

- ❖ Skuleområdet
- ❖ “Bana”
- ❖ Gatene mellom bustadane



VINTER AKTIVITETAR

- ❖ Aking i Indredalen
- ❖ Aking i bustadfelt
- ❖ Aking i Hareid sentrum, ved Brekkane og Holstad

KONKLUSJON

...til trafikktryggingsplan

Fysiske og haldningsskapande tiltak må til for å sikre barn og unge sin kvardag i trafikken. Av fysiske tiltak må det i hovudsak leggast vekt på trafikkforholda på skule- og fritidsveg.

Generelle punkter som utmerker seg ut er:

- ❖ **Sikring av kryssingspunkt**
Gjentakande behov for tiltak for å trygge overganger på fylkesveg: Overåsanden, Hareidsvegen og Strandgata
- ❖ **Belysning:** God belysning er viktig for barn og unge sin tryggleik. Ein må særleg prioritere å sikre optimal belysning ved kryssingar på skuleveg, og drift av eksisterende belysning.
- ❖ **Fart:** Fartsreducerande tiltak: reduksjon av fartsgrense, fartsmåling, fartshumper, tydeliggjøring av fartsgrense.
- ❖ **Trafikksituasjon til- og rundt skulane**
Fremme betre skuleveg for mjuke trafikantar, for å unngå trafikkaos ved henting og levering.

... i framtidig planarbeid

Gode bumiljø, betre møteplassar og mindre avstandar er faktorar som kan betre barn og unges oppvekstvilkår. Tilrettelegging for aktiviet, gode løysingar for mjuke trafikantar og gode bustadfelt vil vere viktig i åra framover.

Generelle punkt som har utmerka seg:

- ❖ **Avstand mellom bustadar**
Bigset krins skil seg ut, med stor avstand mellom eksisterande busetnad. Vanskeleg for barn og unge å bevege seg mellom kvarandre. Ein bør i større grad planlegge for tettare bustadfelt.
- ❖ **Behov for betre møteplassar for unge**
Coop-taket skil seg ut som ein attraktiv plass for opphald. Det bør jobbast med å finne andre stadar der barn og unge kan opphalde seg.
- ❖ **Leikeplassen** ved bustadfeltet Pilskog/Overå bør vere eit ideal for fleire bustadfelt/velforningar.
- ❖ **Kartlegging** av gode akebakkar og aktivitetsområder/rekreasjonsområder